

# Idrettsminne frå Fet

**Den gongen eg voks opp på Fet, i 30-åra, var her mange gutar som var svært interesserte i idrett. Dei var allsidige. Om sommaren dreiv dei med friidrett og fotball, om vinteren skisport. Og når isen la seg på Fitjavatnet vart det stor aktivitet på skeiser.**

**Sommaridrett.** Om sommaren var det helst fotballen som var mest i vinden her på Fet. Det var ikkje noko organisert fotballag i dalen den tida. Men Fitjagutane starta sitt eige fotballag. Jørn-Arne var formann, Jostein kasserar, Olav, Magnar, Kaspar og Sigurd styremedlemar. Det fyrste dei skulle spare til, var ein ekte fotball. Magnar fortel at straks dei hadde nokre øre, sprang dei fram i Jørn og la pengane i lagskassa. Og dei sparte så mykje at dei kjøpte ein lærball. Magnar minnest at det var stor stas fyrste gong han fekk sparke ein ekte fotball ! Men den gongen var det ikkje snakk om at oss jentene fekk vere med, nei, dette var gutasport !

Anleis var det med friidrett. Vi fekk vere med både i lengdehopp og høgdehopp. Oddrun, systera mi, fortel at Laura i Martinesgarden hoppa svært langt, sameleis broren Magnar. Oddrun var ikkje så god i denne øvinga fortel ho, heller ikkje eg. Då likte eg betre høgdehopp. Også når det gjaldt å springe ulike lengder, fekk jentene vere med. Den kortaste løypa gjekk rundt halve Fitjagarden, den neste rundt heile garden. Og så var der ei løype vi kalla ”8-talet”. Ei lengre løype gjekk opp Geila, over brua og opp Brauta, vidare utover Fitjabakkane til Mjelkesteinen og tilbake. Den aller lengste løypa heldt fram forbi Mjelkesteinen og vidare til Longerimen og tilbake til Fet. Ein distanse på om lag tre kilometer. Berre gutane sprang den lengste løypa.

100-meteren, 200-meteren og 400-meteren vart målte opp frå vegskiftet og langsmed vegen nedover bøen. Jørn-Arne tok tida med vekkjarklokka. Etter at graset var slege på bøen, var ein ofte der med ulike øvingar. Seinare vart det kjøpt spyd og diskos. Kanskje dei fyrste i sitt slag i dalen..?? Norvald kjøpte boksarhanskar. Der var eit rom i Jørngarden som dei brukte både til trening og kamp.

Etter at gutane vart aktive i idrettslaget, vart det mange turar på friidrettsstemne rundt om på Sunnmøre. Også her i dalen arrangerte idrettslaget terrengløp. Brunstadplantefeltet var mykje brukt til dette. No ligg Øyegarden, Sølmongarden og Tøstengarden der plantefeltet stod den gongen.

**Vinteridrett.** Om vinteren når det var godt snøføre, ”hengde” eg meg på gutane når dei dreiv forskjellige aktivitetar. Framom Hans-tunet var ein bratt bakke og nede på flata ein steingard der gutane bygde eit spretthopp. Dette var moro syntest eg. Elles laga gutane ”utforløype” framom bakkane. Eg var ikkje redd for fart berre eg slapp svinge. Men ein gong fekk eg meg ein støkk. Vi starta oppom plantefeltet, og i skuggen av grantrea var løypa både hard og isete slik at vi fekk god fart. Men då vi kom utav skuggen, hadde sola mjukna opp snøen. Det var ein kraftig rykk i skiene, men heldigvis gjekk det bra.

Gutane stakk også slalåmløype i Martinesteigen. Her var det stor aktivitet, men for vanskeleg for oss jentene. Liv, systera mi, og eg reiste på fjellet for å trene for oss sjølve. Vi tok turen til Myrdalsfjellet og her var vi nokre timar før vi starta nedturen. Om vi hadde blitt flinkare i slalåm tvilar eg på, men vi hadde det svært morosamt. Farta nedover mot ”Furå” var god. Eg minnest at eg vart nervøs – var der folk i løypa hadde vi ikkje ein sjanse til å stoppe.

Det gjekk godt. Der var folk ved "Furå", men i god avstand frå løypa. Seinare var det nokon som sa det var "den flygende hollender" som fór forbi!

Fitjagutane vart eldre etter kvart. Det vart laga ein større hoppbakke i Karitegane. Her fekk dei verkeleg tak på hoppinga. No reiste dei på skirenn både i og utanfor fylket. Det var mest slalåm og hopp dei konkurrerte i.

Magnar vart ein god læremeister for meg. Litt om senn fekk eg taket på å svinge på ski. Gutane lokka meg til å vere med på eit såkalla påskerenn på Fjellsætra. Det vart ikkje nokon suksess for min del ! Seinare vart eg med i eit bygdameisterskap i Hundeidvik. Her gjekk det betre. Konkurransen mellom jenter var ikkje stor den tida. Dette var same året som Magnar og eg gifte oss. Lærer Skåden var kjøkmeister i bryllaupet vårt, og eg minnest han sa i talen sin at når både brud og brudgom var bygdameistrar i slalåm måtte dette ekteskapet gå bra. Skåden var tidtakar i skirenn i Hundeidvik.

**Andeflokk.** Så voks det opp ein ny generasjon med gutar og jenter på Fet. Det var kjekt å sjå at dei var interesserte i idrett. Dei brukte dei same stadane å trene på som foreldregenerasjonen: Fitjabakkane, Tegane og Fitjavatnet.

Då Nils-Ragnhild kom til Fet, la ho merke til at Magnar tok seg av Fitjaborna. Ho fortalde at det var som ein andeflokk når dei skulle framom Bakkane for å trene. Magnar gjekk føre og etter kom borna på rad og rekkje.

For min eigen del kan eg føye til at då eg fekk meg slalåmski og fekk vere med resten av familien i slalåmløypene på Fjellsætra, så er det det finaste idrettsminnet mitt. Det var utruleg kjekt! Då hadde det gått 26 år sidan den gongen eg brukte mine gamle turski i bygdameisterskapet i Hundeidvika. Men det var på desse skiene eg la grunnlaget for skigåing. Sjølv om dei ikkje eigna seg i slalåmbakken, har eg mange gode minne om fine turar med desse skiene.

**Margit Fet**